

SAK 66/24 FELLES FORLIKSRAÐ I HALLINGDAL

Saksopplysningar:

19. juni 2020 fatta Hallingtinget vedtak om å rå kommunane i Hallingdal til å gjera slikt vedtak: «Det blir oppretta eit felles forliksråd for kommunen Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen, Flå. Det nye forliksrådet får namnet Hallingdal forliksråd»

I kommunestyrebehandlinga i september vart resultatet at Hol kommune valde å stå utanom, men dei fem andre kommunane i Hallingdal inngjekk eit samarbeid. No har Hol signalisert at dei ønskjer å slutte seg til samarbeidet og denne saka kjem opp for å formalisere dette.

Domstolloven §27 fastsett at kvar kommune skal ha eit forliksråd. Forliksråda skal bestå av 3 lekdommarar (og 3 varamenn) som blir valt av kommunen, normalt for ei periode på 4 år. Valet skal foregå innan 15. oktober i året etter valgåret. Kommunar som har same sekretariat og som ligg i same domssogn, kan med minst 2/3 fleirtal i kommunestyret, vedta å ha felles forliksråd.

Forliksrådet si behandling av saker er omtala i Tvisteloven kap 6. Hensikten med forliksrådet er å forsøke å mekle mellom partane, for å komme fram til et forlik. Et forlik i forliksrådet er bindande for paraene. Forliksrådet har også mynde til å avsi dom dersom ein av partane krev det. Dersom saken gjeld pengekrav på over 125 000, må begge partar være einige i at forliksrådet skal avsi dom. Dei aller fleste sakene i forliksrådet gjeld pengekrav.

Det var ikkje mogeleg å få ut ferske tal på kor mange saker som er innom forliksrådet, men når saka var oppe sist, i 2020 låg talet på behandla saker i Hallingdal på rundt 2 500 saker per år. Dette er i hovedsak saker som blir behandla av sekretariatet. Talet på saker pr år der det er gjennomført rettsmøte låg den gongen på 45-55 saker i året på dei seks kommunane.

Vurdering:

Fordeler med færre kontor er større nøytralitet, og meir profesjonell saksbehandling fordi større saksmengde gir forliksrådsmedlemmeane nødvendig mengdetrening som aukar kvaliteten på arbeidet.

Modellen er godt innarbeid og når ein får eit felles forliksråd foreslår ein at Gol som fysisk lokalisering for forliksrådsmøtene blir vidareført

Dersom kommunestyrene vedtar at det skal være ett forliksråd i Hallingdal, må det i same sak vedtakast korleis det skal velgjast medlemmer frå kvar kommune. Et forslag er at 3 kommunar vel medlemmer og 3 kommuner vel varamedlemmer for en periode, og at ein byter på neste periode. Det må også sikrast medlemmer /varamedlemmer av begge kjønn.

Vedtak må fattast med 2/3 flertall i kommunestyret for at felles forliksråd skal kunne opprettast.

Forslag til vedtak

Regionrådet vil rå kommunane i Hallingdal til å gjera slikt vedtak:

- a. Det blir oppretta eit felles forliksråd for kommunene Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen, Flå. Det nye forliksrådet får namnet Hallingdal forliksråd.
- b. Felles forliksråd skal tre i kraft frå 1.1.2025
- c. Forliksrådet skal ha 3 leddommarar og 3 varamedlemmer. Representasjon frå kommunane skal endrast for kvar periode. Fyrste periode har Hol, Gol og Flå leddommarar og Ål, Hemsedal og Nesbyen har varamedlemmer. Kvar kommune vel i tillegg ein møtefullmektig.
- d. Leiarvervet skal rullere for kvar valperiode i rekkefølge; Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Flå, Nesbyen.
- e. Sekretariatet blir lagt til Gol og betjent av Hallingdal lensmannskontor, som i dag.

Hallingdal 18. sept 2024

Jan Olav Helling
Dagleg leiar